

Pressemelding, 20. juli 2011

Hovudopptaket til høgare grunnutdanning

Hovudopptaket til høgare utdanning 2011

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2011 ut 74 526 tilbod. Dette er 3 174 fleire tilbod enn i 2010, en auiking på 4,5 %. Det er i år planlagt 50 476 studieplassar.

88 397 av søkjarane er kvalifisert for minst eitt studium (+ 4,6 % fra 2010).

Av dei kvalifiserte søkjarane har 84,3 % fått tilbod om studieplass. Dette er på linje med 2010 (84,4 %). Blant dei som får tilbod om studieplass, får 45 585 (61,1 %) tilbod på sitt høgast prioriterte studieønskje. Tilsvarande tal for 2010 var 43 982 (61,6 %)

Ved årets hovudopptak gis 29 272 av tilboda til menn, mens kvinner står for 45 254 tilbod. Det vil seie at kvinneandelen er 60,7 %, ei lita auiking frå 2010 då 60,3 % av tilboda gjekk til kvinner.

Det totale antalet søkjarar er nå 107 785, mot 103 631 etter hovudopptaket i fjor (+ 4,0 %)

Av dei 71 352 som fekk tilbod om studieplass i hovudopptaket i fjor, møtte 41 272 til studiestart.

Restetorget

Då Restetorget åpna 20. juli kl. 09.00 var det ledige studieplassar ved **xxx** ulike studium fordelt på **xx** lærestader.

Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje studieplassar via Restetorget, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år. Ledige studieplassar vert annonsert på Restetorget på nett og ein må søkje via nettsøknaden på www.samordnaopptak.no.

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller står på venteliste, har frist til 26. juli med å svare. Alle må svare via internett – www.samordnaopptak.no, med hjelp frå elektronisk ID.

Nærare opplysingar om søkjing til høgare utdanning får du ved lærestadene for høgare utdanning eller Samordna opptak (tlf. 22 84 18 25 / 22 84 18 04 / www.samordnaopptak.no).